

Skiltplan på kart

Vi finn det lite hensiktsmessig å leggje med ymse kartutdrag som ikkje er oppdaterte og fullstendige. Vi er godt i gang med å produsere informasjon for å leggje ut på www.nordhordlandskart.no. Her er kartavdelinga i Lindås kommune til særskild god hjelp.

Dette vil bli portalen kor alle turar, kulturminne, severdigheiter, linkar og krosslinkar vil bli lagt. Det er utført gps-track frå dei fleste turløypene og desse skal etter kvart inkorporerast i kartløyvinga.

Vi vil og gå gjennom dei mange heimesidene/bloggane til lag og organisasjonar og einskildmenneske i kommunen for å samkøyre informasjonen som dreier seg om turar og opplevingar i friluftsområda.

Vi vil og etter kvart gå gjennom www.ut.no kor nokre av turane er lagt inn i kartet. Dette vil bli kvalitetssikra i tida framover.

Det vil med tida bli produsert papirutgåver av kart.

Isdalstø 15 feb 2017



Per Ole Ekker

Prosjektleder

Dagleg leiar av Frivilligsentralen